

Levende Jesu tro
i livsnære fellesskap

menighetsbladet

SPESIALNUMMER - NR 3 - 2016

HØYLAND I HELG OG HVERDAG

Høyland kirke

175 år

1841 - 2016

Til: lesere av menighetsbladet
Fra: Høyland kirke

Dere er alle inviterte til min bursdag.
Festen starter søndag 21. august
klakka 11:00 og varer så lenge vi
ørker. Den første timen har vi en
spennende festgudstjeneste og etterpå
er det fest inne og ute. På menyen er
det festkirkekaffe inkludert sukker-
spinn og popcorn.

Vi har plass til alle, kom som du er!
Barn er særlig velkomne!



Hilsen fra ordfører i Sandnes

Høyland kirke er det eldste kirkebygget i Sandnes. I år markeres 175 årsjubileum, men det er gjort funn som viser at det var kirkebygg i dette området lenge før 1841.

I kirkebygget er det mange kulturskatter som er tatt vare på og som gjør Høyland kirke til et spesielt bygg, ikke bare for menigheten, men hele kommunen.

Høyland kirke er ifølge historiebøkene en såkalt Lindstow-type, etter samme leid som Time kyrkje som ble bygget 11 år tidligere. Denne byggestilen er karakteristisk for kirker som ble oppført

midt på forrige århundre og har derfor også en nasjonal verdi.

Kirken har gjennom 175 år vært et samlingspunkt og sentralt sted for de som bor i dette området, til vanlige gudstjenester, men også for å samles til dåp, bryllup eller gravferd. Høyland kirke har vært, er og ønsker å være en kirke med folkekirkelig profil.

Kirken er en sentral del av en aktiv menighet som viderefører tradisjonene et slikt historisk kirkebygg krever.

På vegne av Sandnes kommune vil jeg gratulere Høyland menighet med 175-års jubileet og ønsker dere lykke til med jubileumsfeiringen i august.



STANLEY WIRAK
ORDFØRER

Gratulerer!

Tenk å få være med på 175 års jubileum første året som sokneprest.

Jeg er heldig! Høyland kirke rommer mange skatter, - av vakre og spennende gjenstander, og ikke minst i alle menneskene som er her. Få steder i byen vår blir det grått så mange tårer og smilt så brede smil som det blir her. Gjennom jubileumsfeiringen gleder jeg

meg til å bli bedre kjent med kirkens mangfoldige historie, og også med enda flere av menneskene som hører til her. Gratulerer med 175 år til kirken og alle som har tilhørighet her!

SYNØVE ROALKVAM
SOKNEPREST



Sandnes kirkekontor

tlf. 51 97 47 70
Åpningstider man.-fred.
09.00 – 14.00
Storgt. 48, 4307 Sandnes.
Kontaktes for dåp, begravelse, vigsel.



Ansatte

Sokneprest Synøve Roalkvam, mob
91 38 05 51,
synove.roalkvam@sandnes.kirken.no
Kapellan: Tor Olav Varhaug, mob 47
46 48 70, E-post:
tor.olav.varhaug@sandnes.kirken.no

Daglig leder: Ragna Skårlund, mob.
47 47 85 86 E-post:
ragna.skarland@sandnes.kirken.no

Trosopplæringskoordinator Hilde

Djonne, mob. 48 12 54 50 E-post:

hilde.djonne@sandnes.kirken.no

Menighetspedagog Jarle Stokka,

mob 47 70 30 79, E-post:

jarle.stokka@sandnes.kirken.no

Leder Eldresenteret: Marit Rygh,

mob. 47 47 85 84, E-post:

marit.rygh@sandnes.kirken.no

Kirketjener Sviland kapell: Anne Liv

Øygard Eidevik, mob 40 48 06 79

Høyland menighetskontor:

Åpningstider man. – torsd. 09.00 –
14.00
Kyrkjevegen 345, 4325 Sandnes
Telefon 47 47 85 86
e-post: hoyland@sandnes.kirken.no

Høyland eldresenter

Tlf. 47 47 85 84 tirsdag og torsdag

Kirketjener Høyland kirke:

Egil Moody, mob. 99 22 85 55
Kirkemusiker Høyland: Marit Meling Kvamsæ, mob 48 99 75 15, E-post:
marit.kvamsae@sandnes.kirken.no

Organist Sviland: Virginija A. Es-

peland, mob 40 69 72 61, E-post:

virgalink@hotmail.com

Musiker Austrått: Maria E. S. Fredrik-

sen, mob 91 33 90 17, E-post:

maria.fredriksen@sandnes.kirken.no

Aktivitør Høyland Eldresenter: Siri

Borsheim, 97 53 60 97, E-mail:

siri.borsheim@sandnes.kirken.no

Høyland sokneråd

Leder: Helge Kristoffersen,

mob. 41 29 17 61

helge.kristoffersen@lyse.net

Bankkontonr. 3250.30.31808

Org.nr.: 971 338 482

Vår visjon:

*Levende Jesu tro i
livsnære fellesskap*

menighetsbladet

Menighetsbladet:

Redaktør: Ragna Skårlund

tlf. 47 47 85 86

Utkommer med 4 nr. pr. år

Grafisk design: Commentum forlag

A/S Gamlevn. 87, 4315 Sandnes

Frist for stoff til neste utgave:

1. november

Kalender over jubileumsmånaden

August

20

Forberedelse til kirkebursdagen. Kl 1400 – 1500 på Høyland menighetshus kan alle få komme og lage bursagskroner som skal brukes i jubileumsgudstjenesten.

21

Jubileumsgudstjeneste. En skikkelig fest for store og små! Ordentlig bursdagfest med gaver, og masse spenning. Hele byen og bydelen er velkommen. Selv om ordføreren blir med er lange taler forbudt! Vi starter klokka 11:00 og feirer så lenge vi orker. Bursdagsmat av den rette sorten, inkludert sukkerspinn og popcorn. Vi vet vi får noen flotte gaver. Blir det regn tår vi også til menighetshuset.

September

4

Forum for samfunn kultur og religion gir deg en skikkelig gjennomgang av kirkas historie. Gjesteredaktørene av dette bladet har satt seg grundig inn i historien og formidler både høydepunkter og kuriousa. Historien er mye mer spennende enn du tror og Høyland kirke har hatt et rikt liv. Det er selvfølgelig mulighet til å få omvisning i kirka denne dagen. Til slutt spiser vi et måltid spennende thailandsk mat. Arrangementet er gratis, og maten selges rimelig. For anledningen er arrangementet flyttet til kirka, som er åpen fra 17:00. Klokka 18:00 starter arrangementet, som varer i to timer.

7

Kirka er åpen for omvisning, kaffe, prat og en stille stund. Mellom 18.00 og 19.00 er det musikk i kirkrommet. Kirka er åpen fra 16:00 til 20:00

9

Klubben vår, «Någe aent» har bursdagfest for alle på 5. - 7. trinn. Skikkelig feiring, slik alle unge liker. På klubben er det alltid mange spennende overraskelser. Kom klokka 19:00, du blir ikke skuffet! Vi møtes på menighetshuset, men skal etter hvert også opp i kirka. Klubben slutter klokka 21:00.

14

Kirka er åpen for omvisning, kaffe, prat og en stille stund. Mellom 18.00 og 19.00 er det musikk i kirkrommet. Kirka er åpen fra 16:00 til 20:00

21


Kirka er åpen for omvisning, kaffe, prat og en stille stund. Mellom 18.00 og 19.00 er det musikk i kirkrommet. Kirka er åpen fra 16:00 til 20:00

25

Salmekveld. Nesten hele salmeskatten har blitt til i kirka vår sin levetid. Programmet byr på mye kjent, men også nye og spennende versjoner. Amatører og profesjonelle fra 13 til 90 år deltar. Det er satt sammen et rikholidig program som ledes av Sonja Lie og som passer for alle som liker musikk og poetiske tekster. Salmekvelden er det eneste programmet i jubileumsårsdelen som koster penger. 100,- for alle som er ferdig med grunnskolen.

28

Kirka er åpen for omvisning, kaffe, prat og en stille stund. Mellom 18.00 og 19.00 er det orgelspill ved tidligere kantor i Høyland kirke, Viggo Fagerjord. Kirka er åpen fra 16:00 til 20:00



Er kyrkja den same i dag?

Ved førre jubileum, for 25 år sidan, såg Høyland kyrkje heilt lik ut. Om ein leitar kan ein sjå at nokre benkar er borte, teppe i midtganga er teke bort og ein barnekrok er innreia. Men bygget, som så mange har ein form for tilknyting til, har stått bortimot uendra i 175 år. Men likevel, nesten alt er endra.

Ingen av dei som jobba i kyrkja for 25 år sidan er der. Salmebok og liturgi er bytta ut. To nye kyrkjelydar et skilt ut dei siste 25 åra, slik det var i dei 25 åra før der. Det einaste nye inventaret er lydanlegg og betalingsterminalen. Likevel er kyrkja så god som ny. Ho er som ei gammal farmor, som i fleire tiår markerer 29-årsdagen sin.

Mykje er forandra i kyrkja. Kvar for seg og saman har byen og bydelen bore kyrkja inn i ei ny tid. No er tida der fiberkablar gjer Menighetsbladet til ei anakronisme og Facebook til eit livshjul. Men den som tek seg tid til å lesa dette bladet vil få både historisk innsikt og inspirasjon til deltaking i den levande kyrkja vår. Slapp av og les det analoge bladet vårt. Ta deg tid til ein tur inn i kyrkja vår denne hausten. Den er di og har plass til deg og livet ditt. God lesnad!

HELGE KRISTOFFERSEN & HELGE NESSE (GJESTEREDAKTØRAR)




1200-talet

«Kirken den er et gammelt hus». Dette er sant også om Høyland kyrkje. Men kor mange kyrkjer det har stått i Høyland, kan ingen sei med vissa. Etter kristninga av landet vart truleg dei første kyrkjene bygde på Hove, Levang (Leikvam) og Myklebostad. Desse var rimelegvis små, og mot slutten av 1200-talet har soknene vorte samanslegne. Då vart det bygd ny kyrkje der Bautasteinen nå står: «Her sto Høyland kyrkje til 1840». Dette er om lag 200 m nord-aust for kyrkja i dag. Om du går på sykkelstien mellom Høylandsåna og kyrkjegården, er det berre å gå over bruha lengst mot sør. Då står du på historisk grunn.



Middelalderen

I kyrkja heng det også ei verdfull minnetavle, eit epitafium. Det viser den første lutherske presten i Høyland, Peder Jensen og familien hans som knelar for den krossfeste. Epitafiet er opphavleg ei namneplate som i gamlekyrkja hang på brystveggen over familiegrava.



1619

Altartavla er laga i 1619 av Thomas Snedker. I midtfeltet ser me Kristus støtta til krossen, til venstre Jesu dåp og til høgre ein nattverd-scene. Kven som har måla tavla, har lenge vore uklårt. Ein har meint at det var Pieter Reimers, den same som i 1619 dekorerte preikestolen. Men nå trur ein det skal vera hans ettermann, den store kunstnaren Godtfried Hendtzschel. Kristus-figuren skal vera vitnemål om dette, og er eit av hans mest originale verk.

På 1700-talet vart altartavla «pynta på» med overmåling av Hans Sager, som ikkje var nokon stor kunstnar. Seinare har ho vorte måla fleire gonger. Ved restaureringa i 1933 måtte Ulrik Hendriksen ta bort heile sju lag med måling før tavla kom fram slik ho er i dag, eit klenodium som dreg alle augo til seg.

1841

I 1829 gav kyrkjedepartementet ut eit lite hefte: «Udkast til Kirkebygninger på landet i Norge og til veiledning for de Kirkeeiere som uden Architects Hjelp vil opføre Kirker hensigtmessigen og med oeconomie». Teikningane i dette heftet var laga av arkitekt Hans Ditlev Frants Linstow. Han er kalla slottsarkitekten fordi det var han som teikna slottet i Oslo. Som for slottet er stilarten «empirestil». Kyrkjeteikningane vart ikkje fylgde slavisk. Høyland kyrkje er ei av dei kyrkjene som kjem dei opphavelege teikningane nærest – i detaljane.



1929

I 1929 fekk kyrkja to store kyrkjeklokker av stål. Dei har mjuk, vakker tone, og på stille dagar kan dei høyrast utruleg langt. Det er og to eldgamle klokker i kyrkja. Dei vert nå berre nytta allehelgenssundag. Ei av desse ber Magnus Lagabøter sitt kongestempel. Den andre vart omstøypt i 1852, då det vart brest i henne ved ringinga i fru Budde si gravferd.



Elise Ottesen-Jensen (1886-1973)

Prestedottera frå Høyland som blei ein av vår tids viktigaste pionerar

Elise Ottesen-Jensen (1886 – 1973) blei født i prestegarden her i Høyland. Mor hennar - Karen Arselle Marie Essendrop, dotter av biskop Carl Essendrop i Kristiania, gifta seg med presten Immanuel Ottesen 18 år gammal. Då Karen var 40 år fødde ho sitt syttande barn - ei lita jente dei kalla Elise. Elise var familiens yngste og eit naturleg midtpunkt i fire år. Då fødde mora ei ny lita jente som dei kalla Magnhild.

Elise var engasjert i mange tema, og sjølve kongstanken hennar var at arbeidarane sjølv skulle ha mulighet til å bestemma størrelsen på barneflokkens sin slik at dei sjølv kunne få betre levestandard og livssituasjon. Kampsaka hennar blei derfor seksualopplysning, endring og forbetring av haldningar samt tilrettelegging av lovverk som gjorde det mogleg med familieplanlegging. Hennar fokus var at ein skulle kunne leva ut kjærleiken utan frykt for svangerskap og sjukdom. Ho formulerte kongstanken slik:

"Jeg drømmer om den dagen alle barn som blir satt til verden er ønsket, alle menn og kvinner er liveverdige og seksualiteten er et uttrykk for kjærlighet, nytelse og ømhet."

Elise gav i 1966 og 1967 ut to biografiar. Ved å lesa desse to bøkene lærer me meir om korleis livet var på prestegarden på slutten av 1800-talet. Me får også innsyn i korleis det var å veksa opp på Jæren – Norges mørke kyststripe, som det blei kalla. Det var flest bønder, fattige på små bruk og jorda var karrig og steinete. Det var tungt å brødfø barnerike flokkar. Elise skrev at "jærfolkets gud var en krevende gud". Folk levde i angst og underkasting. Men på prestegarden i Høyland tok presten gjerne eit glas øl til maten, og innimellom blei det invitert til både kortspel og dans. Det blir fortalt at barnejenta i prestebustaden blei forskrekka då ho forstod at i denne familien var det lov å le på sundagar.

Nettopp i dette spennet mellom det strenge og pietistiske på den eine sida, og det levande, nygjerrige og utforskande voks Elise opp. Faren var ein mann som med sin karakter og sitt



verdisyn kom til å påverka Elise i stor grad. Elise har sjølv fortalt at ho frykta hans humør og temperament. Når ho var blitt for stor til at han kunne bruka kjeppen på henne, sa han med samanbitte tenner: "du har eit mørkt sinne, du Elise".

Elise var barn av si tid. Ho fekk undervisning i pianospel, og blei oppfordra til både lesing og leik. I heimen hennar halldt dei eit blad som het *"Børnetidende"*. Der kunne dei lesa om misjon og spennande land. Det var der Elise leste om konene på Madagaskar som blei brent levande på dødsbålet til ektemannen. Ho blei rysta over det og fekk tidleg ei overbeising om at det var hennar plikt å reisa dit for å forandra på det. Men så skjedde det noko; ein dag Elise var på besøk hos Gunnar på mølla, spurte Gunnar om Elise trudde at faren hennar meinte alt det han sa frå preikestolen? Det blei som eit sjokk for henne – kunne det vera slik at han ikkje meinte alt han sa? Som ung jente begynte ho å få tvil og dette førte til at ho valte å ikkje konfirmera seg i 1901.

Ei nøkkelhending for Elise var då syster hennar Magnhild blei gravid, 16 år gammal. Å bli gravid som ugift var ein katastrofe. Det skjedde med Magnhild som med mange unge gravide jenter på den tida, - Magnhild blei sendt til eit kloster i Danmark. Ung, åleine og uvitande om svangerskap og framtid fødde ho ei dotter som blei bort-adoptert mot hennar vilje. For Elise blei farens meinings og handling uforståeleg. Korleis kunne han ta meir omsyn til skammen framfor kjærleiken til dotter si?

Tidleg i 20 åra flytta Elise frå familien og prestegarden. Det var uvanleg at unge jenter reiste frå heimen før dei gifte seg. Like uvanleg var det nok at unge jenter begynte og jobba som journalist. Det gjorde sjølv sagt Elise. 22 år gammal reiste ho til Trondheim for å starta som journalist i arbeidararvisa *Ny Tid*. I denne perioden utvikla ho eit brennande engasjement for å betra forholda mange arbeidarfamiliar levde under. Redaktøren i *Ny Tid* var den kjente Martin Tranmæl. Han kom til å få stor



Utsnitt av kunstverk på sosialbygget i Haakon VIIIs gate i Sandnes. Kunstner: Kari Rolfsen

innverknad på Elise. Han oppmuntra henne til å skriva om bustadforhold, helsepørsmål, skulepolitikk, om familieplanlegging og om kvinnernas stilling i samfunnet.

I 1913 flytta Elise frå Trondheim til Bergen. Elise hadde fått jobb i avis *Arbeidet*. Ho begynte i denne perioden å organisera kvinnelege arbeidarar i tekstilindustrien. Elise heldt fleire foredrag og appellar, og gjekk i spissen for kampen om å få obligatorisk seksualundervisning inn i skulen. Det var i denne perioden ho begynte å omtala seg og signera med namnet Ottar. Ottar-namnet henta ho frå ein nord-norsk høvding. Gjennom sine bragder hadde han vist handlingskraft, mot og styrke. Namnet Ottar har sidan gitt namn til den partipolitisk uavhengige kvinneorganisasjonen Ottar.

Saman med Albert Jensen, som Elise i mange år var sambuar med og seinare vart gift med, flytta ho til Sverige (*dei skilde lag i 1936, men Elise held fram å bu i Sverige*). I Sverige gjekk Elise inn i ein aktiv og produktiv periode. Ho skreiv spalter opp og spalter ned om familieplanlegging, seksualundervising og abort, reiste på kryss og tvers i Sverige og heldt rundt 300 foredrag årleg.

I 1923 skreiv ho sin første artikkel om korleis foreldre kunne opplysa barna sine om seksualitet og samliv. Ved å la

folk sjølv velja kor mange barn dei kunne ha råd til å ta seg skikkelig av, ville foreldra få meir tid og overskot til å ta del i arbeidarklassens kamp for eit meir rettferdig samfunn. I 1932 var Elise med og danna RFSU (*Riksförbundet för sexuell Upplysning*), ein ideell organisasjon som framleis jobbar for seksualopplysning og førebygging av seksuelt overførbare sjukdomar og uønska svangerskap. Overskottet av arbeidet går i dag, som den gongen, til informasjonsarbeid blant ungdom og bistandsarbeid i utviklingsland. Elise var leiar for RFSU i perioden 1933 til 1959.

I 1941 fekk Elise realisert ein gammal draum. Med bidrag frå blant andre kong Gustav V og statsminister P. A. Hansson kunne RFSU opna Ottargården, - ein heim der unge, ugifte og gravide kvinner kunne flytta inn og føda barn. Her fekk kvinnene også råd og rettleiing. Klinikken blei modell for seinare offentleg drivne mødreheimar. Klinikken blei lagd ned i 1967.

Elise gjorde ein stor innsats for flyktningar under krigen. Denne innsatsen førte henne i kontakt med nye folk og ho fekk nye impulsar. Draumen om å danna ein internasjonal organisasjon for familieplanlegging og seksualreform, begynte å veksa. I samarbeid med fleire andre personar frå Storbritannia, Nederland og Amerika blei IPPF (*Den internasjonale fôderasjonen for familieplanlegging*) grunnlagt i 1953.

Organisasjonen er i dag ein av dei største, frivillige organisasjonane i verda med forgreiningar til over 170 land. Organisasjonen jobbar blant anna for å fremma seksuelle rettar til kvinner, helsepørsmål og muligheter til trygg abort.

Elise blei heidra med mange prisar og medaljar både i og utanfor Sverige. Ho fekk eit æresdoktorat ved universitet i Uppsala. I 1972 blei ho nominert til Nobels Fredspris. Elise oppfatta nominasjonen som ei anerkjenning av heile den internasjonale rørsla for familieplanlegging og deira bidrag i arbeid for fred. Ho vart derfor svært skuffa då det blei avgjort at prisen ikkje skulle delast ut i 1972. Diskusjonen om ho skulle nominerast til prisutdelinga i 1974 starta umiddelbart. Diskusjonen fikk ein naturleg konklusjon då Elise døydde av kreft 4.september 1973. Til gravferda hadde Elise sjølv bestemt at talen skulle spinnast rundt det tredje verset i C. Richardt's salme "Alltid freidig når du går".

*Kjemp for alt hva du har kjært,
dø om så det gjelder!
Da er livet ei så svært,
doden ikke heller.*

RANDI DYVIK



Sjå kyrkja

Sjå Høylandskyrkja, dette gamle huset,
eit lite verdensrom med himmelkvelv.
Frå tårnet stig eit brus av ævetonar,
og gjennom rommet fløymer livsens elv.

Sjå kyrkjeskipet, den stolte farkost,
ein fullriggar med kurs mot ope hav.
Slik siglar du og eg i storm og stille,
heilt til gongongen ljomar ved ei grav.

Sjå døypefonten, dette utgangspunktet,
der liten siglar får sitt nye namn
med gullbokstavar i den store loggbok
Og byrjar signingsferda i Guds famn.

Sjå døypefatet, fylt av vigsla vatn,
med lukketeikn rissa inn
av ukjend meisterhand i Luthers Nürnberg.
Og kvite segl skin i frålandsvind.

Sjå altertavla, dette fagre fyrlys
som syner leia når det mørknar att.
Det står ein kross og skin for skip i havsnaud,
ein morgonrøde over sorg og natt.



Sjå mosaikken på kommandobrua,
det malte glaset er ein vegg så tynn,
ei vindusrute mellom tid og æve:
Sjå der Guds lam som ber all verdens synd.

Sjå prekestolen, gallionsfiguren
i stamnen på ein losbåt utan frykt,
ein båt der Anden fyller vind i segla
og Ordet er eit anker og ei lykt.


Høyr kyrkjeklokka, denne tåkeluren,
frå Magnus Lagabøters kongetid.
Den kallar skipet inn til trygge hamna,
med håp og trøyst til kvar og ein som lid.

Høyr orgeltonen, dette bølgebruset,
som bryt i brenningar og brest i skum.
Det følgjer skipet på den vide ferda
frå inngangssalme til postludium.

Høyr, tida ristar knirkande i skroget,
og straumar riv og slit så langt det rekk.
Men kyrkja står der støtt på heilagrunnen,
med ævestjerner over øvste dekk.

ÅSE-MARIE NESSE

Lyrikaren Åse-Marie Nesse (1934-2001) skreiv og
framførte sjølv denne prologen til høyland kyrkjes 150-års
jubileum i 1991.



Høyland Eldresenter

Tелефon 47 47 85 84
I kjellerstua,
Høyland menighetshus.
Åpent tirsdag og torsdag
kl 0900 - 1400.

Servering

Tirsdag og torsdag serveres middag, suppe/dessert og kaffe kl 1230.
Bestilling av mat innen kl 0930 samme dag. Mat kan også hentes på senteret.

Skyss

Trenger du skyss til og fra senteret kan vi muligens ordne det. Ta kontakt!

Formiddagsaktiviteter

Tirsdag og torsdag fra klokken 0900 kan du være med på tur, trim, bingo, quiz, trearbeid, håndarbeid, baking mm. Gjennomføres sammen med aktivitøren vår Siri Borsheim. Salg av kaffe og noe å bite i.

Oljemaling

Vi har gruppe for oljemaling.
Ta kontakt!

Sangstund

Første tirsdag i måneden er det sangstund klokken 1100.

Andakt

Etter middagen, annenhver torsdag ved en fra menighetskontoret.

Frisør

Annenhver torsdag.
Bestilling til
Siri Hetland Heskjedal
tlf. 51 62 24 05 / 901 19 705
alle hverdager etter kl 1000.

Fotpleie

Autorisert fotterapeut
Maren Bosvik.
Timebestilling tlf. 994 64 191

Du oppfordres til å prøve våre tilbud!

Vi trenger frivillige til kjøkkentjeneste og kjøring, Har du noen timer til overs, ta kontakt

Velkommen i trivelig selskap!



Midtsommerfeiring med "Mini glamat" på Høyland eldresenter

"Ja, dette skal bli spennende". Deltakerne gleder seg. Det er "mini glamat" på Høyland menighetshus i dag. Arrangeres for første gang av Høyland eldresenter. Vi synes det passet godt med noe ekstra i dag siden det er Sankthansaften, sier aktivitøren Siri Borsheim. Mange eldre går ikke ut på feiring i kveld, så nå feirer vi midtsommer her hos oss i dag.

Her er grillspyd med kjøtt og grønt, spansk paella, frityrstekte reker, "hotte" kjøttboller, tortillalefser med røkelaks og mye annet godt. De fremmøtte koser seg. Må smake litt

av alt. Kaffe og søte fristelser til slutt. Nemlig panna cotta og appelsin ris. Mye nytt og spennende, men av kjente råvarer. Det kan vi like.

Trekspillmusikk og allsang hører med på en slik midtsommerfest. Stemningen er god og alle storkoser seg. Deltakerne skryter av maten og sier at dette var godt og gildt. "Dette må bare bli en årlig tradisjon her på huset". Og det har vi lyst til !

**MARIT RYGH, SENTERLEDER,
HØYLAND ELDRESENTER**

Høstmarked på Høyland menighetshus Lørdag 1. oktober klokken 1100 - 1500

Salg av strikk, sør, vevnader, kort, pynteting i betong, duftlys, havrekjeks, nordlandslefser med mer.

Kafé med salg av kyllingsuppe, pølse i brød, kaker, saft og kaffe.

Kom for å bli inspirert, for å kjøpe noe fint eller rett og slett for å ta en drøs med gode sambygddinger.

Eldresenteret ønsker velkommen til store og små!

FASTE AKTIVITETER FOR BARN OG UNGE:

KOR:

Sviland Barnegospel: Fra 5. år og oppover, øver tirsdager i oddetallsuker på Sviland Bedehus kl 18.00, Kontaktperson Ruth Bråtveit, 47 25 94 86

Sangsus: for barn 3 – 6 år, øver annenhver tirsdag klokken 17.00-18.00 i menighetssalen på Høyland Menighetshus. Kontakterson:

Marit Meling Kvamsøe, 48 99 75 15

Mail: marit.kvamsoe@sandnes.kirken.no

KLUBB:

Mesterklubben, ikke klubbkvelder høsten 2016

Clubben, Auglend bedehus kl 19.30 – 23.00, fredager i oddetallsuker, 7. Kl og oppover,

Kontaktperson: Marianne H. Nielsen, 98 29 14 26

Någe Aent: Klubb fra 5. trinn og oppover. I barnehagelokalene i Høyland menighetshus annenhver fredag klokken 19.00 – 21.00

Kontaktperson: Helge Kristoffersen, tlf 41 29 17 61

IDRETT:

KRIK Austrått: pause inntil videre

Facebook: KRIK Austrått / Nettside: www.austratt.krik.no/wordpress

SPEIDING:

Austrått KFUK/KFUM speiderne: fra 2. kl og oppover.

Hver torsdag på Høyland Menighetshus

Kontaktpersoner: Ingvald

Ween: tlf 98 21 57 99/

Thorleif Nyman: 90 02 25 96

SØNDAGSKOLE:

Høyland: I barnehagelokalene på Menighetshuset. Samtidig som gudstjeneste på Austrått (Høyland menighetshus)

Sviland: På Sviland Bedehus, kl 0945 – 1030. De søndager det ikke er gudstjeneste i Sviland kapell.

Kontaktperson: Silje Madland Sandvik; 91 72 46 32

Se også Høyland kirke sin nettside for informasjon: www.sandnes.kirken.no/hoyland (eller vår facebookside)



**Austrått
Salongen**

Frisøren for hele Familien

Kyrkjeveien 158, 4325 Sandnes

tlf. 51 62 80 70



Begravelsesbyrå

Obed Sandnes
Begravelsesbyrå

tlf: 51 68 13 00
24-timers vaktteléfonon
www.obed.no

**Urmakermester
Grøtteland as**
PROFI
Elmengr. 6 - 4300 Sandnes
Tlf/fax 51 66 27 43

svela
bygg as

Swithun Elektro
- Vi tilbyr deg teknisk kompetanse

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?
SOS
22 40 00 40

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller reddde.
Noen trenger bare å slå av en prat.
Ring eller skriv. Vi er her. [Kirken-sos.no](http://kirken-sos.no)

SOS MELDING

SOS CHAT

Allhelgenfesten

Stiftelsen Høyland menighetspleie arrangerer den tradisjonsrike allehelgensfesten / bygdedagsfesten 6. november kl 1700 på Høyland menighetshus og inviterer alle som bor i Høyland sokn foruten tidligere høylandsfolk til festen.

Program:

Tale og musikkinnslag av Ola Eikeland, tidligere prest i Sandnes og Suldal.

Sang av Svilandskarane.

Hilsen ved representant fra Sandnes kommune.

Kort minnestund i forbindelse med de som har gått bort det siste året.

God bevertning

Styret for stiftelsen håper at mange finner veien til Høyland menighetshus slik at vi på nytt kan blåse liv i den gamle tradisjonen.

Vel møtt!



Velkommen til å bli med!

Babysang starter opp mandag

5.9 kl 1000

Småbarnssang, starter opp tirsdag 30.8 kl 1700

28. 8 Skolestartgudstjeneste, 6 – åringene i bydelene våre er spesielt invitert, i Sviland kapell kl 1100 eller på Høyland menighetshus kl 1100

4 – årsbibel, 24. og 25.9 i Sviland kapell og 1. og 2. 10 i Høyland kirke

Søndag 23. 10 kl 1600 forestillingen «Kirkerottene» for 5 – åringene, sted: Bogafjell kirke

Lørdag 26. – 27.11 Lys Våken i Høyland kirke – alle på 5. trinn er velkommen til å være med

Invitasjon til disse arrangementene kommer i posten. Ta kontakt dersom du lurer på noe!

Pensjonisttreff

Alle pensjonister er hjertelig velkommen til hyggelige samvær på Pensjonisttreff på Høyland menighetshus siste onsdag i måneden kl 1500 – 1730.

Datoer og program for høsten er:
28.9 Magnus Fuglestad, kåseri «Magnus Post om posten»
26.10 Familieterapeut Maren Løvås forteller om rusproblematikk i familien med barn
30.10 Jan Rønneberg, kåseri «Helgenen fra Auschwitz»

Hver gang er det bevertning, utlodning og andakt.



Gullkonfirmant?

Er det 50 år siden du ble konfirmert i Høyland kirke? Søndag 13.11 er du invitert til gudstjeneste i Høyland kirke. Ta kontakt med menighetskontoret, tlf 47 47 85 86, dersom du kan komme denne dagen.

Barn og Ungdom

Oppstartsdatoer i høst:

Barnekoret Sangsus: første øvelse tirsdag 6. september

Sviland barnegospel: første øvelse tirsdag 30. august

Klubben Någe Aent: fredag 26.8

Auglend ungdomsklubb: fredag 19.8



Elim Brass , et av de mest aktive korpsene i Sandnes.

Velkommen til salmekveld 25. september kl 1900

Elim Brass og Morten Samuelsen deltar blant andre på Salmekvelden. Elim Brass består av 22 musikere og er et av de mest aktive korpsene i distriktet. Dette innebærer arrangering og deltagelse på konserter og tilstelninger både i Sandnes Kulturhus, kirker og bedehus. Dirigent for Elim Brass er Anna Fauchald Hartmann.

Med sin særegne varme i stemmen og en unik formidlingsevne har Morten Samuelsen nådd mange hjerter med sin sang. Gjennom de siste årene har han utviklet seg innen den klassiske sjanger og synger også andre sjangre som vil passe til mange ulike arrangementer.

Morten har sunget siden han var 8 år og har flere ulike cd produksjoner bak seg både i grupper og som solist. I 2011 kom Morten ut med sin første solo cd med flere kjente klassiske sanger. De siste 2 årene har Morten skrevet egne sanger og i 2014 kom hans første EP ut. Samme året ga han ut sin første jule cd.

Morten har i flere år arrangert sine egne konserter, vært med i musicaler og deltatt på ulike arrangementer på Quality Airport Hotel Stavanger. Våren 2015 deltok han i Norske Talenter og fremførte musicalen «Bring Him Home» som rørte et helt Norge.

I juni 2016 var Morten solist på en konsertturné i Rogaland, sammen med Stavanger Symfoniorkester.

Morten blir ofte brukt til å starte en konferanse/ møter med et par kjente klassiske sanger. Dette vil garantert sette en flott ramme rundt arrangementet.



Morten Samuelsen bidrar med sang

Dametreff

Hei alle damer i Høyland!
Siste torsdag i måneden kl 1930 ønsker vi å invitere til dametreff på Høyland menighetshus. Dette er kvelder hvor vi ønsker fokus på det sosiale. Kanskje er det flere enn oss som har savnet en møteplass hvor vi kan ta med strikketøy, eller bare snakketøy og være


sammen og bli bedre kjent? Det blir servert kaffe og te med noe attåt.

Datoene for høsten er: 25. august, 29. september, 27. oktober og 24. november.

Velkommen!

Fest for de med runde tall

Også nå i høst blir det fest for de som fyller rundt i år, altså 75, 80, 85, 90, 95 eller 100 år. Festen blir dette året onsdag 5.10. Invitasjon kommer i posten, men fint om du som er jubilant allerede setter av datoen.

<p>Selskapslokaler til leie. Dåp, konfirmasjon etc. Tlf. 47 47 85 86</p>	 <p>Hove PLANTESALG Hoveveien 104, 4306 Sandnes www.hoveplantesalg.no</p>	<p>Her kan DIN annonse stå. Kontakt oss for informasjon.</p> <p>menighetsbladet</p>
 <p>COMMENTUM FORLAG AS</p>	<p>Tlf. 51661144, www.glarsen.no</p>  <p>GUNNAR LARSEN A/S RØRLEGGERFORRETNING Daleveien 29, 4328 SANDNES</p>	 <p>VB VARME & BAD Værstett kvalitet!</p> 
<p>SYKEVAKTEN Kirkens omsorgstjeneste</p> <p>Vi tilbyr:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Transport/følge til lege, tannlege, sykehus, fysioterapi, eldresenter, fotpleie o.l. • Avlastning for pårørende • Besøkstjeneste • Tilsyn • Hjelp til å handle • Trivselkjøring <p>Dette er et tilbud til alle i Sandnes kommune.</p> <p>Tjenestene koster kr. 30,- pr. time, samt bilutgifter (km.sats, parkering, bomp.) Minstepris er kr. 100,- pr. oppdrag.</p> <p>En av våre målsetninger er at flest mulig skal få bo i sitt hjem lengst mulig.</p> <p>Leder for Sykevakten: Randi Berge Tlf: 45637449 mandag-torsdag kl. 09.00-12.00 E-post: randi.berge@sandnes.kirken.no</p>  <p>Den norske kirke i Sandnes, Storgaten 48</p>	 <p>KROGEDAL begravelsesbyrå</p> <p>Oalsgt. 75, 4316 Sandnes DØGNVAKT - Tlf. 51 97 29 00</p> <p>Vi står til tjeneste ved begravelser, kremasjoner, minnesamvær og gravmonomenter.</p>	<p>Rørleggermester Jarle Woster Din lokale rørlegger Eikebakken 10, 4325 Sandnes Tlf 41 53 99 53</p> 
 <p>Lokalnyheter på nett!</p>	<p>HETLAND OG HETLAND</p>  <p>NORMAN RÅSMUS 9249 9967 9348 9086</p> <p>www.hetlandoghetland.no Tømmerveien 11 - 4325 Sandnes</p>	
 <p>www.din-trafikkskole.no Tlf. Martin: 464 22 022</p>	<p>Bjørks Treverfabrikk № Torkel Haabethsv. 45, 4325 Sandnes Vi skreddersyr: Garderobe - Kjøkken - Baderomsinnredning</p>	<p>MINNESTUND Kronen Gaard byr på verdige og fine minnestunder i flotte og rolige omgivelser.</p> 
<p>Her kan DIN annonse stå. Kontakt oss for informasjon.</p> <p>menighetsbladet</p>	<p>VI TRENGER FRIVILLIGE.</p> <p>Les mer og meld din interesse på kirkens-sos.no</p> 	<p>NorEngros Kjønnell Endringsgate Vest A/S</p> <p>Forbruksvarer for næringslivet www.norengros.com</p> <p>Avd. Sandnes Hoveveien 5, 4306 Sandnes Tlf. 51 97 25 00</p> <p>Avd Stavanger Haugåsveien 51, 4016 Stavanger Tlf. 51 88 75 00</p>
<p>Buggeland Vaskeri Karl Hodnefjell Buggeland - 4308 Sandnes Tlf. 51 67 02 83</p> <p>Matteservice – Vask av arbeidstøy</p>	 <p>Hageland Tronsholten</p> <p>TRONSHOLEN HAGESENTER A/S Tronsholten, 4325 Sandnes Tlf 51 66 04 06</p>	<p>Appeal HÅR & FRISØR PÅ KJØPPELVESE</p> <p>Vi driver med parykker. Ta kontakt med Appeal frisør. Hana 51669948. Bogafjell 51625657. Ganddal 51664900. Lura 51664191</p>

«LAT OSS EVIG SAMAN VERA!»

Slik syng vi i dåpssalmen
«Milde Jesus, dine hender la du
kjærleg på dei små, og du sa til
dine venner at til deg skal
borna gå.» Det gamle messing
døypefatet (*truleg fra det 15.
århundret*) i Høyland kyrkje
uttrykkjer eit liknande ønskje.
Fatet har i botnen ein utpukla
rosett som er omgjeven av to
sirklar med teikn. Den eine
sirkelen har inskripsjon hamra
inn med gotiske bokstavar:
«Alzeit gelück währe» gjenteke
fleire gonger. Dette er eit ønskje som kan tyde «alle dagar
lukkeleg!», eller «lukkeleg/sæl
til evig tid!». Dåpen knyter
samан tid og æve og minner
oss om at sæle har også noko
med livet vårt her på jorda å
gjere. Jesu sæleprisingar i berg-
preika viser oss at Guds born
ikkje alltid kan rekne med lukke
og medgang i denne verda.
Og dei viser oss at sæle ikkje
berre er noko som hører
himmelen til.

Jesus seier i bergpreika: «Sæle dei som er fattige i seg sjølve, himmelriket er deira. Sæle dei som syrgjer, dei skal verta trøysta..... Sæle dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born. Sæle dei som vert forfylgde for rettferd, himmelriket er deira» (Matt.5,3-10).

Å vere sæl har alltid med Jesus å gjøre. Den som er liten nok til å ta imot det Jesus gjev, får himmelen som arv eller gave. Den som er fattig i seg sjølv, er sæl. Den som har botnskrapt sine eigne ressurser og slepp Jesus til, den som har mista alt og rekkjer handa ut etter hjelpe ovanifrå, får heile potten: Himmelens sæle er ei ufortent gave til den som trur. Men Jesus taler også om at dei som er sæle skal arve jorda. Dette viser oss at Jesus held himmel og jord saman når han set målet for menneskes liv. Kristendom er ikkje å flykte frå verda, men å bruke verda etter Guds plan og vilje. Også jorda er gjeve av Gud som ei gave og ei velsigning. Det er både ei gave og ei oppgave for Guds born å leve



Døypefat i messing truleg fra det 15. århundret

i verda på ein rett måte. Men Jesus løner ikkje sine disiplar for deira fortenester, han gjev dei av si forteneste. Den som har Jesus i sitt hjarte er sæl i liv og død.

Det er rart å tenkje på alle borna som er døpte i denne fonten med ønskje om å bli «lukkeleg/sæl til evig tid». Få kulturminne i Sandnes kan vel måle seg med døypefonten i Høyland kyrkje, når det gjeld alder, tilknytingspunkt for dei fleste bydelane i området og berar av kulturformidling i over 700 år. Døypefonten er av kleberstein med åttekanta fotstykke og skål. Forma er også symbolisk: 8-talet (liggjande) er teikn for uendeleg (æve), og $8 = 7 + 1$ dvs. ei ny byrjing. Dåpen er nyskaping. Dåpen er kristenlivets kjelde og start. Dei åtte sidene påminner om frelse i dåpen og heng saman med 1.Mos.7,13, der det er fortalt at 8 sjeler blei redda av Noahs ark.

Ved Høyland kyrkjes 175-års-jubileum ser vi dei lange linene i kyrkjas historie. Vi trur at kyrkjene i Høyland i alle desse hundreåra har vore til velsigning og vore med og leida mange inn i Guds rike. Her fann slektene vegen

til kyrkje, både i glede og sorg. Vi ønskjer at fellesskapet mellom kyrkje og folk også skal høyre framtida til. Så folket her ikkje berre finn ei opa kyrkjedør, men også ei opa dør inn i Guds rike her i kyrkja, slik vi syng i dåpssalmen: «Lat oss evig saman vera!»

HELGE NESSE
SOKNEPREST I HØYLAND 1990-2011
OG MEDLEM I JUBILEUMSKOMITEEN

velkommen til gudstjeneste

21.8:

Høyland kirke kl 1100: Gudstjeneste, kirkebursdag, Høyland kirke 175 – år, Synøve Roalkvam, Tor Olav Varhaug

28.8:

Austrått menighet kl 1100: skolestartgudstjeneste, Tor Olav Varhaug

Sviland kapell kl 1100: skolestartgudstjeneste og konfirmantpresentasjon, Synøve Roalkvam, Jarle Stokka

Høyland kirke kl 1300: Gudstjeneste med dåp, Synøve Roalkvam

4.9:

Høyland kirke kl 1100: Gudstjeneste, konfirmantpresentasjon, Tor Olav Varhaug

11.9:

Austrått menighet kl 1100: Gudstjeneste, Tor Olav Varhaug

Sviland kapell kl 1100: Gudstjeneste, Synøve Roalkvam

18.9:

Høyland kirke kl 1100: Gudstjeneste, Byprest Rune Skøyen, Synøve Roalkvam

25.9:

Austrått menighet kl 1100: Gudstjeneste, nattverd, Tor Olav Varhaug

Sviland kapell kl 1100: Gudstjeneste, høsttakkefest, utdeling av 4-årsbok, Synøve Roalkvam, Hilde Djønne

Høyland kirke kl 1900: Salmekveld

2.10:

Høyland kirke kl 1100: Gudstjeneste, høsttakkefest, utdeling av 4-årsbok, Synøve Roalkvam, Hilde Djønne

9.10:

Austrått menighet kl 1100: Gudstjeneste, Tor Olav Varhaug

Sviland kapell kl 1100: Gudstjeneste, vikar

16.10:

Høyland kirke kl 1100: Gudstjeneste, Synøve Roalkvam

23.10:

Austrått menighet kl 1100: Gudstjeneste, Synøve Roalkvam

Sviland kapell kl 1900: Sang- og musikkgudstjeneste, Synøve Roalkvam

Høyland kirke kl 1300: Gudstjeneste med dåp, Tor Olav Varhaug

30.10:

Høyland kirke kl 1100: Gudstjeneste, Tor Olav Varhaug

6.11:

Austrått menighet kl 1100: Gudstjeneste, Tor Olav Varhaug

Sviland kapell kl 1100: Allehelgensgudstjeneste, Synøve Roalkvam

Høyland kirke kl 1930: Allehelgensgudstjeneste, Synøve Roalkvam

13.11:

Høyland kirke kl 1100: Gudstjeneste, Synøve Roalkvam

20.11:

Austrått menighet kl 1100: Gudstjeneste, nattverd, Synøve Roalkvam

Sviland kapell kl 1100: Gudstjeneste, Tor Olav Varhaug

Høyland kirke kl 1300: Gudstjeneste med dåp, Synøve Roalkvam

27.11:

Høyland kirke kl 1100: Lys Våken -gudstjeneste, Tor Olav Varhaug, Hilde Djønne, Jarle Stokka

Austrått menighet: gudstjenestene er i menighetsalen på Høyland menighetshus. Alle gudstjenestene er tilrettelagt barnefamilier, enten ved at det er tilbud om søndagsskole eller at gudstjenesten er familiiegudstjeneste.

Ønsker du mer informasjon om gudstjenestene og andre ting som skjer? Da kan du få tilsendt vår informasjonsmail.

Send din mailadresse til:

hoyland@sandnes.kirken.no